



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 01.10.2018  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 11:00 - 18:00

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Hege Eide Vik	SP	Medlem
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Line Kydland – permisjon frå kl 1630, før behandlinga av sak 60/2018	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatile Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Odd Jøran Oldervik	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Evelyn Boge	SV	Odd Jøran Oldervik



---

**Andre møtande:**

Rådmann Trine Pettersen Grønbech

Ass. rådmann Åse Elin Myking

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad

Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum

Økonomisjef Kenneth Stokke – under rådmannen sit budsjettorientering

Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal

Politisk sekretær Sølvi Legård

---

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
53/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
54/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
55/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
56/2018	TEMPOPLAN OG RESTANSELISTE POLITISKE SAKER
57/2018	AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020
58/2018	INNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND
59/2018	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET
60/2018	STRATEGI FOR KOMMUNALE ANSKAFFINGAR
61/2018	NY VURDERING AV F- SAK 59/18: FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN
62/2018	INTERPELLASJON FRÅ HEGE EIDE VIK - SKAL VAKSDAL KOMMUNE SØKJE OM Å BLI EIN SYNGJANDE KOMMUNE GJENNOM KRAFTTAK FOR SONG?



**53/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 53/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**54/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 54/2018 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**55/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.



**KOM - sak 55/2018 Vedtak:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**56/2018: TEMPOPLAN OG RESTANSELISTE POLITISKE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til Tempoplanen for politiske saker slik den ligg føre.

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Framlegg 1 frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Svar på spørsmål og handsaming av vedtak skal i hovudregelen tilbake til same organ.*

Framlegg 2 frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Viser til formannskapet sitt møte 23.10.2017, sak 73/17 oversendingsforslag frå SV:*

*Behandling:*

*Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:*

*Formannskapet ber administrasjonen kome attende tll formannskap/kommunestyre med sak om livssynsnøytralt seremonirom i Vaksdal kommune.*

*Ber om at dette vert teke inn i oversyn/tempoplan.*

**Røysting:**

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette vart samrøystes vedteke.

Kjartan Haugsnes sitt framlegg 1 vart samrøystes vedteke.

Kjartan Haugsnes sitt framlegg 2 vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 56/2018 Vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til Tempoplanen for politiske saker slik den ligg føre.

Svar på spørsmål og handsaming av vedtak skal i hovudregelen tilbake til same organ.

Viser til formannskapet sitt møte 23.10.2017, sak 73/17 oversendingsforslag frå SV:

**Behandling:**

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet ber administrasjonen kome attende tll formannskap/kommunestyre med sak om livssynsnøytralt seremonirom i Vaksdal kommune.

Ber om at dette vert teke inn i oversyn/tempoplan.



**57/2018: AVTALE OM VETERINÆRTENESTER I VOSS VEST OG VOSS AUST VAKTDISTRIKT TIL OG MED 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).
2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vakt-distrikt og Voss aust vakt-distrikt

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 60/2018 Tilråding:**

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).
2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vakt-distrikt og Voss aust vakt-distrikt

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**KOM - sak 57/2018 Vedtak:**

1. Vaksdal kommune skal nytte avsette kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i kommunen som kommunal eigendel for å sikre tilstrekkeleg tilgang på dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust).



2. Vaksdal kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt veterinærvaktdistrikt (Voss vest og Voss aust) på dagtid.
3. Vaksdal kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vaktdistrikt og Voss aust vaktdistrikt

---

### 58/2018: INNSPEL TIL NASJONAL RAMME FOR VINDKRAFT PÅ LAND

#### Rådmannen sitt framlegg til uttale:

Område 17: Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har dels registrert område med urørt natur, men har også fleire store overføringslinjer for kraft. Bergsdalsfjella sør er regionalt viktig turområde, med populære DnT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer, forvalta som tamrein. Bergsdalsfjella har viktig tilkomst med Fv 314, med vegstandard som i dag er svært låg med omsyn på friluftsliv og nærleiken til Bergen, og ein flaskehals for vekst og utvikling. For området Høgafjellet på Osterøy gjer kommunen merksam på område med urørt natur, regionalt viktig turområde og at Veafjorden har eit særskilt kulturmiljø. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av nordhordland biosfæreområde. Artsmangfaldet er svært verdifullt, med mellom anna hekkelokalitetar for rovfugl.

Område 18: Innanfor område 18 er øvste del av Eksingedalen, men området for Vaksdal kommune framgår som lav lønnsemd. Dette er inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde, som har høge landskap- og naturkvalitetar med store friluftsinnteresser. I dette området er det ei viktig villreinstamme (Fjellheimen villreinområde). Stølsheimen er også del av nordhordland biosfæreområde.

Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å verte eit UNESCO Biosfæreområde – *vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her*; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/>

Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftslivområde (2017) er å finna i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Dette gjeld også INON-område.

#### **Kommunestyret 01.10.2018**

#### **Behandling:**

##### Alternativt framlegg frå Eirik Haga, AP:

*Vaksdal kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for storsamfunnets behov for energi. Det er i Vaksdal det regionale kraftselskapet BKK produserer mest vasskraft. Det går store kraftliner gjennom naturperlar i Bergsdalen, Eksingedalen og i Vaksdalsfjella.*

*Desse områda er viktige for rekreasjon for innbyggjarar i heile Bergensområdet, har eit rikt fugleliv med mange ulike artar, beite for små- og storvilt m.a. hjort og vill- og tamrein.*

*Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft.*



## Vaksdal kommune

### Alternativt framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Kommunestyret i Vaksdal har slikt innspel til NVE sitt brev av 08.06.2018, Nasjonal ramme for vindkraft på land – Innspill om viktige regionale interesser*

*Av dei 43 analyseområda er dette ei attendemelding i høve område 17 og område 18.*

#### *Område 17:*

*Bergsdals- og Vaksdals fjella i Vaksdal kommune har registrerte områder med urørt natur. Bergsdalsfjella sør er eit viktig regionalt turområde med populære DNT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer som vert forvalta som tamrein. Høgafjellet på Osterøy er i dag eit område med urørt natur og er på lik line med Bergsdalsfjella eit viktig regionalt turområde. Vidare vil kommune gjere merksam på Veafjorden sitt særskilte kulturmiljø. Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av Nordhordland biosfæreområde.*

#### *Område 18:*

*Her finn ein mellom anna inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde som har høge natur og landskapskvalitetar. Området omfattar og Fjellheimen villreinområde. Stølsheimen er og ein del av Nordhordland biosfæreområde. Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å eit UNESCO Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/> Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftsområde (2017) er å finna i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) Dette gjeld også INON (Inngrepsfrie naturområder i Norge) Kommunestyret i Vaksdal kommune vil tilrå at områdene 17 og 18 vert teke ut av nasjonal ramme og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge natur, landskap, kulturlandskap og friluftinteresser.*

### **Dei to framlegga vart erstatta med følgjande:**

#### Omforeint forslag frå Eirik Haga, på vegner av AP og SV:

*Vaksdal kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for storsamfunnets behov for energi. Det er i Vaksdal det regionale kraftselskapet BKK produserer mest vasskraft. Det går store kraftliner gjennom naturperlar i Bergsdalen, Eksingedalen og i Vaksdalsfjella.*

*Desse områda er viktige for rekreasjon for innbyggjarar i heile Bergensområdet, har eit rikt fugleliv med mange ulike artar, beite for små- og storvilt m.a. hjort og vill- og tamrein.*

*Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft*

*Når det gjeld konkrete innspel til NVE sitt brev av 08.06.18 har kommunestyret i Vaksdal slikt innspel om viktige regionale interesser:*

*Av dei 43 analyseområda er dette ei attendemelding i høve område 17 og område 18.*

#### *Område 17:*

*Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har registrerte områder med urørt natur. Bergsdalsfjella sør er eit viktig regionalt turområde med populære DNT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer som vert forvalta som tamrein. Høgafjellet på Osterøy er i dag eit område med urørt natur og er på lik line med Bergsdalsfjella eit*



## Vaksdal kommune

*viktig regionalt turområde. Vidare vil kommune gjere merksam på Veafjorden sitt særskilte kulturmiljø.*

*Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av Nordhordland biosfæreområde.*

**Område 18:**

*Her finn ein mellom anna inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde som har høge natur og landskapskvalitetar. Området omfattar og Fjellheimen villreinområde. Stølsheimen er og ein del av Nordhordland biosfæreområde.*

*Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å eit UNESCO Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap og menneske som bur her; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/> Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftsområde (2017) er å finna i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) Dette gjeld også INON (Inngrepsfrie naturområder i Norge)*

*Kommunestyret i Vaksdal kommune vil tilrå at områdene 17 og 18 vert teke ut av nasjonal ramme og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge natur, landskap, kulturlandskap og friluftsinnteresser.*

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot det omforeinte framlegget: Det omforeinte framlegget vart vedteke mot 2 røyster (FRP og Anneli Vatle Lilletvedt, H)

**KOM - sak 58/2018 Vedtak:**

Vaksdal kommune har stilt store naturressursar til rådvelde for storsamfunnets behov for energi. Det er i Vaksdal det regionale kraftselskapet BKK produserer mest vasskraft. Det går store kraftliner gjennom naturperlar i Bergsdalen, Eksingedalen og i Vaksdalsfjella.

Desse områda er viktige for rekreasjon for innbyggjarar i heile Bergensområdet, har eit rikt fugleliv med mange ulike artar, beite for små- og storvilt m.a. hjort og vill- og tamrein.

Det er Vaksdal kommunestyre sitt syn at me ikkje treng landbasert vindkraft

Når det gjeld konkrete innspel til NVE sitt brev av 08.06.18 har kommunestyret i Vaksdal slikt innspel om viktige regionale interesser:

Av dei 43 analyseområda er dette ei attendemelding i høve område 17 og område 18.

**Område 17:**

Bergsdals- og Vaksdalsfjella i Vaksdal kommune har registrerte områder med urørt natur.

Bergsdalsfjella sør er eit viktig regionalt turområde med populære DNT-hytter. Bergsdalsfjella (både nord og sør) har reinsdyrstammer som vert forvalta som tamrein.

Høgafjellet på Osterøy er i dag eit område med urørt natur og er på lik line med Bergsdalsfjella eit viktig regionalt turområde. Vidare vil kommune gjere merksam på Veafjorden sitt særskilte kulturmiljø.

Osterfjordsystemet er nasjonal laksefjord, og del av Nordhordland biosfæreområde.

**Område 18:**

Her finn ein mellom anna inngangsport til Stølsheimen landskapsvernområde som har høge natur og landskapskvalitetar. Området omfattar og Fjellheimen villreinområde. Stølsheimen er og ein del av Nordhordland biosfæreområde.





## Vaksdal kommune

Nordhordland biosfæreområde er kandidat til å eit UNESCO Biosfæreområde – Vestnorsk kystlandskap og menneska som bur her; <http://www.nordhordlandbiosphere.no/> Vaksdal kommune si kartlegging og verdisetting av friluftsområde (2017) er å finna i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) Dette gjeld også INON (Inngrepsfrie naturområder i Norge)

Kommunestyret i Vaksdal kommune vil tilrå at områdene 17 og 18 vert teke ut av nasjonal ramme og vurdert som ikkje eigna for vindkraftutbygging grunna høge natur, landskap, kulturlandskap og friluftinteresser.

---

### **59/2018: SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN TIL HEIS I HØGBYGGET**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

#### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 03.09.2018**

##### **Behandling:**

Framlegg frå Bjørn Roald, H:

*Kommunen gir garanti for beløpet for en tidsperiode for 5 år.*

1 røysta for framlegget frå Bjørn Roald (H) som fall.

#### **FPØ - sak 61/2018 Tilråding:**

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

#### **Kommunestyret 01.10.2018**

##### **Behandling:**

Boris Groth stilte spørsmål ved sin habilitet.

I medhald av forvaltningsloven § 6 første ledd punkt b), jfr. og § 6 andre ledd, vedtok kommunestyret samrøystes at Boris Groth er ugild i saka

Bjørn Roald fremja sitt framlegg frå formannskapet på ny.

##### **Røysting**

Formannskapet si tilråding vart vedteke mot 3 røyster (H, MDG)



**KOM - sak 59/2018 Vedtak:**

Søknad frå Sameige Skulegata 1,A,B,C om kommunal garanti til oppgradering av heis i høgbygget vert ikkje innvilga.

-----

**60/2018: STRATEGI FOR KOMMUNALE ANSKAFFINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide framlegg til strategi for anskaffingar med bakgrunn i rammene som er uttrykt i saka her.

**Kommunestyret 01.10.2018**

**Behandling:**

Tilleggsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

*Kommunestyret ber kontrollutvalet om at det i løpet av 2019 vert gjort ein kontroll av tilhøva for dei tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule.*

*Ein slik kontroll kan innehalde ma:*

- Arbeidskontraktar (også av underleverandørar)
  - Oversikt underleverandørar
  - Bruk av lærlingar
  - HMT
  - SHA - plan
- Lista er ikkje uttømmende.*

*Ein slik revisjon/kontroll vert løyst innan kontrollutvalet sitt budsjett.*

**Røysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart vedteke med 14 røyster (SV, H, FRP, MDG, Line Eide Vik og Jarle Audestad, SP, Heidi Rongved, Magne Hestad, Anders Risnes, Brita H. Lunde, Jan Hansen og Bjørn Øyvind Krogsrud, AP)

**KOM - sak 60/2018 Vedtak:**

Kommunestyret ber rådmannen utarbeide framlegg til strategi for anskaffingar med bakgrunn i rammene som er uttrykt i saka her.

Kommunestyret ber kontrollutvalet om at det i løpet av 2019 vert gjort ein kontroll av tilhøva for dei



tilsette som utfører arbeid på ny Dale barne- og ungdomsskule.

Ein slik kontroll kan innehalde ma:

- Arbeidskontraktar (også av underleverandørar)
- Oversikt underleverandørar
- Bruk av lærlingar
- HMT
- SHA - plan

Lista er ikkje uttømmmande.

Ein slik revisjon/kontroll vert løyst innan kontrollutvalet sitt budsjett.

---

## **61/2018: NY VURDERING AV F- SAK 59/18: FRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM FOR BUDSJETT OG TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alternativ 1: Kommunestyret opprettheld formannskapet sitt vedtak i sak 59/18 med ei endring: Arbeidsgruppa arbeidar fram til ny kommunelov er trådd i kraft.

Alternativ 2: Kommunestyret opphevar formannskapet sitt vedtak i sak 59/18.

### **Kommunestyret 01.10.2018**

#### **Behandling:**

Tilleggsframlegg til alternativ 2 frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP, KRF:

*Kommunestyret deler rådmannen sine vurderingar. For at ei slik gruppe skal vera tenleg må eit samla politisk miljø vera innstillt på eit breidt samarbeid. Det er viktig å bringa framtidige utgifter i tråd med framtidige inntekter for å styrka det økonomiske og politiske handlingsrommet.*

*For å involvera dei tillitsvalde i dette arbeidet vert hovudtillitsvalde for Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet invitert med på formannskapet sitt budsjettseminar i oktober 2018.*

*I det vidare arbeidet vert det organisert temadagar der kommuneøkonomi og prioritering står på dagsorden. Deltakarar her vert formannskapet og dei same tillitsvalde.*

*Tidleg i 2019 vert det ein temadag om økonomi kommunestyret .*

#### **Røysting:**

Alternativ 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå AP, SP og KRF vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - sak 61/2018 Vedtak:**

Kommunestyret opphevar formannskapet sitt vedtak i sak 59/18.



Kommunestyret deler rådmannen sine vurderingar. For at ei slik gruppe skal vera tenleg må eit samla politisk miljø vera innstillt på eit breidt samarbeid. Det er viktig å bringa framtidige utgifter i tråd med framtidige inntekter for å styrka det økonomiske og politiske handlingsrommet. For å involvera dei tillitsvalde i dette arbeidet vert hovudtillitsvalde for Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet invitert med på formannskapet sitt budsjettseminar i oktober 2018. I det vidare arbeidet vert det organisert temadagar der kommuneøkonomi og prioritering står på dagsorden. Deltakarar her vert formannskapet og dei same tillitsvalde. Tidleg i 2019 vert det ein temadag om økonomi kommunestyret.

---

### **62/2018: INTERPELLASJON FRÅ HEGE EIDE VIK - SKAL VAKSDAL KOMMUNE SØKJE OM Å BLI EIN SYNGJANDE KOMMUNE GJENNOM KRAFTTAK FOR SONG?**

**Frå Hege Eide Vik, SP, ligg det føre slik interpellasjon:**

**Skal Vaksdal kommune søkje om å bli ein Syngjande Kommune gjennom Krafttak for Song?**

Song er viktig frå vogge til grav, frå fosteret kjenner vibrasjonane frå stemmene utanfor til dei trygge tonane av ein kjend song ved slutten av livet.

Å syngje saman kan redusere nivået av stresshormon i kroppen og stimulere produksjon av lukkehormon.

Songstemma er instrumentet me alle ber med oss, og som me alle kan bruke. Dess meir me brukar den, dess betre blir den. Trening av songstemma kan altså samanliknast med anna trening.

1. november er det søknadsfrist for å bli Syngjande Kommune frå 2019. Prosjektet går over 3 år, og er i regi av Krafttak for Song. Krafttak for song er støtta av Kulturdepartementet, og har tverrpolitisk støtte for sitt arbeid med å styrke songtradisjonar og songglede over heile landet. Målet med prosjektet Syngjande kommune er at kommunen gjennom rettleiing frå fagpersonar skal kunne opprette nye varige songtiltak iløpet av prosjektperioden. Framdriftsplan er skissert i informasjonsmateriell som de finn lenke til nedst i teksten.

I Vaksdal kommune har me allereie mange gode songtiltak. Me har fleire aktive kor for ulike målgrupper. Me har AO-bandet med tilrettelagt undervisning. Me har fleire barnekor og baby- og småbarnssong i regi av kyrkja. Den kulturelle Spaserstokken vert administrert lokalt, og fleire av desse konsertane har som mål å fremje allsong. Ein av kulturskulen sine lærarar er innom eldreinstitusjonane ein gong i veka for å ha songstund. I tillegg har me eit aktivt musikkiv også når det gjeld korps og band for vaksne og born. Alt ligg til rette for at me kan utvikla oss vidare og ta songen (og musikken) til neste nivå.

Song på arbeidsplassane skaper gode relasjonar. Kva med å starta møtet med ein allsong? Song i barnehagen (i lyst leie) er ein nøkkel til språkutvikling og relasjonsbygging. Song i skulen har same effekt. Song på institusjonane våre kan vera inngangsport til minna hjå demente. Versa sit som spikra



når alt anna er gløymt. Meir song i kvardagen kan skapa dei gode relasjonane, og positive augneblikk med ro og harmoni hjå nokon med uro og angst. Song kan opna for inkludering, kulturutveksling og felles forståing. Av lokal inspirasjon kan ein her nemna Voss sitt flotte integreringsprosjekt med utgangspunkt i voggesongar, ein variant av bergensk «Fargespill».

Vaksdal er ein langstrakt kommune. Kan me skapa samhald med å lage eit felles kjernerepertoar og syngje dei same songane? Ja, det er eg overtydd om! Me har fleire store og små lokale arrangement der me kan fremje allsong, Vintertreff, Fiskefestival, Eksingedalsmarknad, Daledagar med mykje meir.

Ein søknad om å bli syngjande kommune er godt forankra i det frivillige musikklivet. Vaksdal Musikkråd har slik uttale i sin handlingsplan for 2018:

### «KONKRETE TILTAK

Felles tiltak for musikk og kultur vert gjennomført av eller i samarbeid med VMR.

#### Aktivitetar:

Arbeide for at Vaksdal kommune blir ein syngjande kommune "Krafttak for song».

Rektor Sindre Sortland i Vaksdal Kulturskule gir slik uttale: «Kulturskulen ynskjer at kommunen deltar i prosjektet og vil stille seg bak ein søknad. Song er grunnleggande for musikalsk opplæring og utvikling. Eit breiddeprogram for song i Vaksdal Kommune vil vera positivt for generell kulturforståing, og dermed positivt for Kulturskulen. Om Vaksdal blir syngjande kommune vil kulturskulen flette saman aktivitetar i prosjektet med sesongplanen. Kulturskulen vil og omdisponere ressursar der det er mogeleg for å støtte opp om prosjektet.»

Kommunen får kompetanse og kurs og ei viss økonomisk støtte til prosjektet. Kommunen sine egne kostnader er avhengige av kor mykje ein vil gjera ut av det. Dersom me brukar lokale krefter og det me har av ressursar i kommunen vår er det mogleg å halda utgiftene på eit lågt nivå.

Her har me sjansen til å gje innbyggjarane våre ei positiv og god gåve med ønskje om å skapa endå betre samhald mellom bygdene våre.

Utfyllande informasjon om tiltaket:

<http://www.krafttakforsang.no/>

<http://www.krafttakforsang.no/syngende-kommuner-3/>

#### Spørsmål til ordføraren:

Skal Vaksdal kommune søkje om å bli ein syngjande kommune gjennom Krafttak for Song?

#### Forslag til vedtak:

Vaksdal kommune skal søkje om å bli Syngjande kommune frå 2019. Søknaden vert administrert og sendt av Kulturskulen. Kommunestyret vert orientert i møte 10. desember om utfallet av søknaden.

### Kommunestyret 01.10.2018

#### Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.



Ordføreren gav slik svar:

Denne interpellasjonen støtter ordføreren, og vil rå til at kommunestyret sluttar seg til framlegg til vedtak.

Rektor i kulturskulen meiner at song inngår i alle former for kultur, Prosjektet her passar godt inn i gjeldande kulturplan og bygger opp om musikkmiljøet i Vaksdal kommune.

Utgiftene til å følgja opp prosjektet «Syngande kommune» initiert av «Krafttak for song» er ikkje uoverkommelege. Utgifter til å henta inn profesjonelle aktørar som en del av prosjektet bør innarbeidast i budsjettet. Det kan og søkjast eksterne miflar til prosjektet.

Det vart det politisk korrekte.

Her kjem det personlege svaret:

Syng - syng - syng - og vær glad.  
syng med den stemme du har  
syng - syng - syng og vær glad  
syng og hold sorgen for nar  
selv om du også på pumperne kø'r  
frem med det gode humør  
hvor du i verden du end kommer hen  
så skal du syng - min ven.

Det vart så opna for debatt.

Det vart røysta over framlegget som låg i interpellasjonen - dette vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 62/2018 Vedtak:**

Vaksdal kommune skal søkje om å bli Syngjande kommune frå 2019. Søknaden vert administrert og sendt av Kulturskulen. Kommunestyret vert orientert i møte 10. desember om utfallet av søknaden.

---



### **Open halvtime**

- Mona Grenasberg om K5-traseen gjennom Stanghelle
- Finn Fossmark om lekkasje av leire frå Sedalen

### **ORIENTERINGAR**

- Jordbruk og skogbruk v/rådgjevar landbruk Tore Henrik Øye
- Høyringsutkast til kommuneplanens arealdel v/kommuneplanleggjar Gjertud Karevoll
- Rådmannen presenterar grunnlagsdokumentet budsjett 2019 v/rådmann Trine P. Grønbech
  - Investeringsprosjekt v/einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
  - Status for Lev Vel-prosjektet / Bygg for helse og omsorg-Kapasitet og kvalitet i framtida v/kommunalsjef Solrun Hauglum og einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
- Diverse orienteringar frå rådmannen v/einingsleiar samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal:
  - Status pågåande prosjekt
  - Kommunale vegar
- Diverse orienteringar frå ordførar. Denne er lagt inn i Møteportalen

### **SPØRSMÅL**

#### **Odd Jøran Oldervik**

Om nytt vassverk på Vaksdal og pålegg om tilknytning for nokre innbyggjarar med private brønner  
Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling svarte

#### **Bjørn Roald**

Om brev frå Dale Idrettslag om klubbhuset på Geitabakken  
Ordføraren svarte

#### **Anneli Vatle Lilletvedt**

Om å oppretthalda lokale arbeidsplassar ved Modalen-Eksingedalen Billag  
Varaordførar og ordførar svarte

#### **Boris Groth**

Om kva planar ein har med dei 300 000 kr som vart avsett til tilsette?  
Rådmannen svarte

#### **Tom Charles Johnsen**

1. Om bruken av midlar til tilrettelegging av oppdrettsanlegg
  2. Om framdrift og status i sak om kommunestyret på nett
  3. Om tilstanden på fylkesvegane. Oppmoda ordføraren om å ta dette opp med Statens vegvesen
- Ordføraren svarte

#### **Line Eide Vik**

Om legevaktordninga for dei som har fastlege i Modalen  
Rådmannen vil sjekke dette og komme tilbake med svar



## **Hege Eide Vik**

Om skilting av stengt fylkesveg ved skulen på Stamnes  
Ordføraren svarte

## **Magne Hestad**

Om trafikksikring av Kvamstotunellen samt Sandlivegen og Dalseidvegen  
Dette må ein koma tilbake med svar på

**Skriftleg spørsmål frå Line Kydland** (jfr. spørsmål stilt i kommunestyret 25.06.18 - spørsmål og svar vart lagt fram i møtet, og i tillegg lagt inn som referatsak)

Sidan det opna ny barnehage på Tveitane i Vaksdal har me hatt ei stilling som spesialpedagog, som har drive spesialpedagogiske opplegg, veiledning av avdelingar, tilrettelagde aktivitetar for barn med vedtak, berre for å nevne noko.

No vel kommunen å leggje ned stillinga, ei stilling som har betydd forbyggjande arbeid med barn i barnehagen, og tidlig innsats utover det ordinære tilbudet. Som dei barna det måtte gjelde har krav på.

Eg meiner at ved å ta vekk denne stillinga senkar ein kvaliteten i Vaksdal barnehage.

### Så mitt spørsmål er:

Vil Vaksdal kommune vere ein forebyggjande kommune med tanke på tidlig innsats i barnehagen, eller vil Vaksdal kommune drive reparering i skulen?

### Rådmannen sitt svar:

Vaksdal kommune arbeider førebyggjande med tanke på tidleg innsats ved kompetanseutvikling for heile barnehagepersonalet. Gjennom kompetansehevinga som vert gjennomført i barnehagene i Vaksdal vil ein sikra tidleg innsats og førebyggja eventuelle sosiale og faglege vanskar seinare i opplæringa.

Tidleg innsats i barnehage er å sikra at barna møter kvalifiserte vaksne gjennom heile barnehagekvardagen. Då kan tilbodet tilpassast det einskilde barnet slik det er krav om i rammeplanen:

*«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbudet etter barnas behov og forutsetningar, også når noen barn har behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder. Barnehagen skal sørge for at barn som trenger ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilretteleggingen som er nødvendig for å gi barnet et inkluderende og likeverdig tilbud. Tilretteleggingen skal vurderes underveis og justeres i tråd med barnets behov og utvikling.»*

*«Barnehagen skal sørge for at barn som mottar spesialpedagogisk hjelp, inkluderes i barnegruppen og i det allmennpedagogiske tilbudet.»*

Det er ikkje lenger same skille mellom det ordinære tilbudet og spesialpedagogisk hjelp slik praksis





kunne vera for nokre år sidan. Barn skal ha hjelp på avdelinga av avdelingspersonalet. Dette inneber mellom anna språk- og leikegrupper som del av det daglege tilbodet.

Kompetanseheving for dei tilsette er ein avgjerande del av arbeidet med å lukkast med tidleg innsats for alle barna. I satsinga «De utrolige årene» var det eit samarbeid mellom barnehagane og PPT om kursrekka som omfatta heile personalet. Barnehagen frigjorde to barnehagelærarar for å drive kursinga saman med PPT. Barnehagelærarane skulle òg støtte og rettleie den enkelte barnehage i implementeringsfasen. Den siste gruppa som fekk kurset var ferdig hausten 2016. Parallelt med implementeringsarbeidet, jobba dei to barnehagelærarane som «pedagogiske rettleiarar», det vil seie ein slags kollegarettleiar for dei pedagogiske leiarane. Dette omfatta både systemiske tiltak og arbeid med grupper og einskildbarn. Det handla òg om ordinært arbeid på avdeling for dei pedagogiske rettleiarane.

Det har ikkje vore spesialpedagogar tilsett i barnehagane i Vaksdal. Alle barnehagelærarar har spesialpedagogikk i studiet, og spesialpedagogisk hjelp handlar om allmennpedagogiske tiltak i strukturerte og målretta former.

Frå august 2018 er alle tilsette i alle barnehagane i gang med kurset «Barnehagemiljø og krenkelser» - om inkluderande barnehagemiljø. Dette er eit barnehagebasert kompetansehevingstiltak der ein bygger felles kompetanse gjennom daglege aktivitetar på avdelingane. Kurset er utarbeida av Høgskolen i Innlandet og vert gjennomført i samarbeid med høgskulen og leia av styrarane i barnehagen.

Frå hausten 2018 har barnehagane i Vaksdal auka pedagogbemanninga i tråd med bemanningsnorm. Pedagogtettleiken er auka frå 33 % til 43 %.